

Detaljregulering for Grønbogen fjelltak og masselagringsplass

PlanID 34310093
Oppdragsgivar Korsvoll maskin as
Prosjektnummer 22221
Dato 14.05.2024


Planomtale med KU



INNHALDSLISTE

<u>1</u>	<u>KORT OM PLANFORSLAGET</u>	<u>5</u>
1.1	AKTØRAR	5
1.2	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET.....	5
1.3	BAKGRUNN OG FORMÅL	6
<u>2</u>	<u>PLANGRUNNLAG.....</u>	<u>7</u>
2.1	PLANSITUASJON.....	7
2.2	ANALYSAR ARBEIDET ER BASERT PÅ.....	10
<u>3</u>	<u>PLANPROSESSEN.....</u>	<u>10</u>
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	10
3.2	MEDVERKNAD.....	11
<u>4</u>	<u>PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON</u>	<u>16</u>
4.1	BRUK AV PLANOMRÅDET.....	16
4.2	LANDSKAP OG STADSKARAKTER	21
4.3	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	22
4.4	FRILUFTSLIV	22
4.5	NATURMANGFALD OG ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	23
4.6	NATURRESSURSAR.....	24
4.7	JORDRESSURSAR, LANDBRUK, SKOGBRUK	25
4.8	GRUNNFORHALD.....	25
4.9	TEKNISK INFRASTRUKTUR	25
4.10	BARN OG UNGE SINE INTERESSER.....	26
4.11	FORUREINING.....	26
<u>5</u>	<u>RISIKO OG SÅRBARHEIT.....</u>	<u>27</u>
5.1	OPPSUMMERING KONKRETE TILTAK	27
<u>6</u>	<u>SKILDNING AV PLANFORSLAGET</u>	<u>29</u>
6.1	PLANLAGT AREALBRUK	29
6.2	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL.....	29
6.3	OMSYNSSONER OG FØRESEGNOMRÅDE	32
6.4	REKKEFØLGEFØRESEGNAR.....	32
<u>7</u>	<u>KONSEKVENSGREIING</u>	<u>33</u>

7.1	KONSEKVENSGREIING ETTER KONSEKVENSGREIINGSFORSKRIFTA	33
7.1	KUNNSKAPSGRUNNLAG	35
7.2	UTGREIINGSALTERNATIV	35
7.3	UTGREIINGSTEMA	37
7.4	NATURMANGFALD OG ØKOSYSTEMTENESTER	37
7.5	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	41
7.6	FRILUFTSLIV	41
7.7	LANDSKAP	45
7.8	FORUREINING.....	49
7.9	VASSMILJØ	50
7.10	SAMLA KONSEKVENSGREIING FOR ALLE KLIMA- OG MILJØTEMA	52
8	<u>VERKNADER AV PLANFORSLAGET</u>	<u>53</u>
8.1	OVERORDNA OG OVERLAPPANDE PLANAR	53
8.2	NATURRESSURSAR.....	54
8.3	TEKNISK INFRASTRUKTUR	54
8.4	MASSEDEPONI OVER GRØNBOGEN VENDETUNNEL.....	54
8.5	INTERESSEMOTSETNADER	55

		Prosjektnr: 22 221		Dato: 14.05.2024	
Status/Rev	Rev. gjeld	Dato	Sign	KS	
0	Til 1. handsaming	14.05.24	OS	IDL/HFH	
1	Revisjon – beskriv.				
Kontaktinformasjon Nordplan AS Pb. 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no			Kundeinformasjon Korsvoll maskin as Gudbrandsdalsvegen 1791 2662 Dovre Tlf.: 468 92 540 www.korsvollmaskin.no		
Prosjektleder: Øyvind Sødal					
Medarbeiderar: Gunnar Vole Hanna Flesche Hellenes Iselin Ditlevsen Løkken Léo Carpentier					
Kontrollert av: Øyvind Sødal					

Vedlegg

1. Plankart, datert 13.05.2024.
2. Reguleringsføresegner, datert 14.05.2024.
3. Risiko- og sårbarhetsanalyse, datert 13.15.2024.
4. OV-plan massetak. Nordplan, 04/2024.
5. Planinitiativ.
6. Referat frå oppstartsmøte med Dovre kommune.
7. Innkomne merknadar ved varsel om oppstart av planarbeid.
8. Vurdering av geologien Grønbogen vendetunnel, Dovrebanen. Analyse av berggrunn med tanke på tunnelsikkerhet ved Grønbogen pukkverk. Rapportnr. SGS-R24/18. SGS, 2024.

1 Kort om planforslaget

1.1 Aktørar

Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Korsvoll Maskin AS ein detaljreguleringsplan som legg rammer og føringar for Grønbogen fjelltak og masselagringsplass i Dovre kommune.

Kontaktpersonar

Dovre kommune: Kari Bentsdal (kommuneplanleggar) og Inge Angård (leiar plan og utvikling).


Oppdragsgjevar: Ola Håkon Korsvoll.

Nordplan AS: Øyvind Sødal, Iselin Ditlevsen Løkken.

Oppdraget er utført i perioda desember 2022 - mai 2024.

1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg lokalisert om lag 4 km nordvest for Dombås sentrum, like aust og nord for elvene Grøna og Jora, og på nord- og sørsida av Dovrebanen (figur 1). Planområdet (figur 2) utgjer eit areal på om lag 217 daa, og inkluderer utvidingar av eksisterande uttaks- og masselagringsområde, samt noko areal ved sørleg del av tilkomstveg frå Grønsetervegen.




Figur 1: Planområdets lokalisering nordvest for Dombås sentrum.



Figur 2: Flyfoto over planområdet (raud stipla strek).

1.3 Bakgrunn og formål

Planområdet ligg i hovudsak innanfor dei to gjeldande reguleringsplanane *Grønbogen fjelltak* (2013) og *Grønbogen masselagringsplass* (2014) og eksisterande køyreveg. I tillegg omfattar planområdet ei utviding i nordaust og sørvest, på areal som i dag er regulert som LNFR-areal og masselagringsområde (figur 3). Dagens situasjon, samt påbegynte og framtidige tiltak, har utløyst eit behov for å utvide det regulerte arealet, og det er i samband med dette vurdert som hensiktsmessig å kombinere dei to gjeldande planane. Ynskjet om utviding av planområdet er mellom anna grunngjeve med behov for mellombels lagring av massar i driftsfase og oppføring av eit verkstadbygg, i tillegg til at i dag er gjeve dispensasjon for mellombels drift av asfaltverk på eit areal som ligg utanfor tidlegare regulert område.



Figur 3: Figuren syner areal innanfor planområdet som ikkje er tidlegare regulert. Planområdet synt med raud strek.

Toppdekket i uttaksområdet har stadvis ei mektigheit på om lag 8 m, noko som resulterer i store mengder masser som må mellomlagrast. Tiltakshavar ynskjer lagring av desse massane lokalt, for å redusere transportveg og -tid, fram til drifta i uttaket er ferdig. Eksisterande byggegrense langs Dovrebanen (30 m) samt sikringssoner kring tunnelen skal vidareførast, for å sikre ei trygg drift som ivaretek omsynet til Dovrebanen. Eksisterande bygningar etablert gjennom dispensasjonar i samband med anleggsarbeidet skal vidareførast i ny plan.

Forslagsstillar og drivar av masseuttaket fekk i november 2022 eit førehandsvarsel og pålegg om stans av arbeidet frå Dovre kommune, samt varsel om ilegging av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova §§ 32-2, 32-3 og 32-5. Dette er nærare omtala i kap. 3.1. Varselet var sendt som ei fylgje av at kommunen meinte at drifta i fjelltaket og masselagringsplassen gjekk ut over rammene i gjeldande reguleringsplanar og dispensasjonar. Det er samtidig med arbeidet med reguleringsplanen utarbeidd totalt 3 byggesøknader/søknad om dispensasjonar for fylgjande tiltak, som er sendt til Dovre kommune for handsaming:

1. Deponiområde

Det er søkt om løyve til tiltaka etter pbl. § 20-1, samt dispensasjon etter pbl. § 19.

2. Driftsveg

Det er søkt om løyve til godkjenning av tiltak (etablering av driftsveg i LNFR-areal) etter pbl. § 20-1. Tiltaka vil krevje dispensasjon etter pbl. § 19. Intern driftsveg mellom jernbanelinene er dels samanfallande med deponiområde i reguleringsplanen, medan driftsveg opp til toppen av steinbrotet er etablert for enkel og sikker tilgang til toppen av steinbrotet.

3. Bygningar

Søknaden omfattar eksisterande tiltak (bygg og containerar) innanfor areal med byggeforbod langs jernbanen, der det ikkje er gjeve naudsynt byggeløyve. Tiltakshavar oppgjev at han har fått munnleg løyve frå baneigar, men dette er lite etterprøvbart. Avviket knytt til byggeforbod langs jernbanen vil krevje dispensasjon etter pbl. § 19, etter at samtykke frå baneigar er innhenta.

2 Plangrunnlag

2.1 Plansituasjon

2.1.1 Statlege og regionale føringar


- Plan- og bygningslova.
- Lov om erverv og utvinning av mineralressursar.
- Forureiningslova.
- Naturmangfaldlova.
- Kulturminnelova.
- Jernbanelova.
- Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, 2017).
- Statens vegvesens håndbok N100.
- Retningsline T-1442/2021 for handsaming av støy i arealplanlegging.
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019-2023).
- Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand St. meld. nr. 26 (2006-2007).
- Regional plan for Dovrefjellområdet (2017).

2.1.2 Kommunale føringar

- Kommuneplanens samfunnsdel og arealpolitikk 2012-2022.
- Kommuneplanens arealdel – føresegner og retningslinjer.
- Planstrategi for Dovre kommune 2021-2023 (vedteke 14.06.21).

Kommuneplanens arealdel for Dovre 2012-2022.

I kommuneplanens arealdel er arealet avsett til *noverande råstoffutvinning* (figur 4).



Figur 4: Utklipp fra gjeldende kommuneplan for Dovre kommune. Plangrense for reguleringsplanen synt med oransje stipla strek.

Figur 5 syner retningslinjer og føresegner frå kommuneplanen som er gjeldande for planområdet.

I områder som i eget temakart er avsatt som viktige råstoffområder skal det føres en streng dispensasjonspraksis.

Følgende gjelder for regulering av råstoffutvinning

- For nye områder til råstoffutvinning er det krav om reguleringsplan.
- Reguleringsplanen skal angi uttakets utstrekning, dybde samt høyde og terrengutforming etter oppussing/revegetering. Reguleringsplanen skal angi når og hvordan uttak skal starte opp.
- Utbyggingsavtale som minimum sikrer istandsetting av arealet etter uttak skal inngås. - Mineralloven §51 og forskrift (FOR2009-12-23 nr. 1842) regulerer avsetning av midler til istandsetting etter uttak.
- Storvassberget skiferbrudd

Uttaksområdet er omfattet av en driftsplan. I de senere årene har uttaket vært konsentrert omkring ett sammenhengende areal innenfor konsesjonsområdet. Dersom virksomheten skal utvides utover dette, skal dette skje etter godkjent reguleringsplan.

Figur 5: Føresegner henta frå kommuneplanens arealdel for Dovre kommune.

Detaljreguleringsplan for Grønbogen fjelltak (planID: 05110070), vedteke 06.05.13
I planen er arealet avsett til formåla *steinbrot og masseuttak*, samt *landbruks-, natur- og friluftsmål* og *køyreveg/annan veggrunn* (figur 6).



Figur 6: Utklipp som syner gjeldande reguleringsplanar i planområdet.

<p>Fareområde - Annen fare</p> <p>a) Det er ikke tillatt å gjøre tekniske inngrep i område regulert til fareområde dersom dette ikke er avklart med Jernbaneverket. Restriksjonsgrensa for fareområdet er satt til 50 meter fra tunellopet.</p> <p>Sikringszone - Byggeforbud rundt veg, bane og flyplass</p> <p>a) Innenfor sikringssonen tillates ikke opphold av personer uten nødvendig sikkerhetsopplæring godkjent av Jernbaneverket eller bruk av kjøretøy/anleggsmaskiner. Dersom det settes opp gjerde i tråd med Jernbaneverkets anbefaling, kan denne avstanden reduseres.</p>

Figur 7: Føresegner for omsynssoner i gjeldande reguleringsplan for masselagingsplassen.

Figur 7 syner omsynssoner regulert i gjeldande plan for masselagingsplassen.

2.1.3 Tilgrensande reguleringsplanar

Det ligg ikkje reguleringsplanar direkte tilgrensande planområdet. Sørøst for planområdet ligg reguleringsplanen for Joramo næringsområde (planID: 05110059), vedteke 06.05.2013.

2.1.4 Dispensasjonar

Joramo bygdealmening søkte i 2016 Dovre kommune om løyve til å etablere ein oppstillingsplass for asfaltverk, kombinert med bruk til skogbruksformål, like vest for reguleringsplanen for masseuttaket. Arealet hadde ein storleik på om lag 5,5 daa. Dispensasjonen var grunngeve med at det i samband med asfaltering av E6 mellom Rosten og Dovre var vurdert at dei einaste massane av god nok kvalitet til formålet fantes i nærleiken av Grønbogen, og at entreprenøren i tillegg ønska å legge til rette for minst mogleg transport. Dispensasjonen omfatta òg bruk av arealet til lunneplass for tømmer.

Rådmannen gav Joramo bygdealmenning løyve til omsøkt tiltak. Drift og verksemd på oppstillingsplassen skulle fylgje driftsvilkåra som Grønbogen masselagringsplass er underlagt.

2.2 Analysar arbeidet er basert på

- Reguleringsplan for Grønbogen fjelltak, 2013.
- Reguleringsplan for Grønbogen masselagringsplass, 2014.
- OV-plan for Grønbogen fjelltak. Nordplan, 04/2024.
- Vurdering av geologien Grønbogen vendetunnel, Dovrebanen. Analyse av berggrunnsgeologien med tanke på tunnelsikkerhet ved Grønbogen pukkverk (SGS as, 2024).

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Oppstartsmøte vart gjennomført med Dovre kommune 27. januar 2023. I møtet vart det avklart at det skal gjennomførast ei detaljregulering av arealet i medhald av plan- og bygningslova § 12-3. Referat frå oppstartsmøtet fyljer i vedlegg 4.

I oppstartsmøtet var tiltakshavar og kommune samde om at planforslaget skal innehalde følgjande formål:

- Areal for lagring av lausmasser, som skal gjenbrukas ved avslutting av anlegget.
- Arealet for mellombels lagring av fjellmassar og eventuelt lausmassar som skal fraktast ut av området.
- Uttaksområde for fjellmassar.
- Område for nytt verkstadbygg.
- Driftsvegar.
- LNFR-område.
- Areal for asfaltverk og mellombels lagring av ombruksasfalt og eventuelt andre ombruksmateriale. Areal for mellombelse bygg skal avgrensast med byggegrense.
- Areal for trafo/nettstasjon.

Arbeidet med reguleringsplanprosessen kjem etter at Dovre kommune, i samband med synfaring i området, vart klar over at fleire tiltak knytt til fjelluttaket og masselagringsplassen føregjekk utanfor regulert område. Kommunen sendte 23. november 2022 eit varsel til tiltakshavar Korsvoll maskin as og grunneigar Joramo bygdealmenning og Bane NOR SF. Varselet var grunngeve med at kommunen i samband med synfaring i området i november 2022 fekk styrka mistanke om at aktivitet i Grønbogen fjelltak og Grønbogen masselagringsplass gjekk ut over dei lovlege rammene gjeve for aktiviteten, og at kommunen derfor ville vurdere å gje tvangsmulkt, samt pålegg om stans i arbeid på areal som er regulert til LNFR-formål, samt stans av drift som går ut over rammene gjeve i reguleringsplanar, dispensasjonsvedtak og utbyggingsavtale.

I planinitiativet var spørsmålet om eventuell konsekvensutgreiingsplikt drøfta, der forslagsstillar og kommunen i oppstartsmøte vart samde om at tiltaka er konsekvensutgreidd i gjeldande planar frå 2013 og 2014, men fordi reguleringsplanen ikkje er i samsvar med desse, og samstundes er i konflikt med overordna plan, er det vurder at tiltaka i planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, men ikkje planprogram.

3.2 Medverknad

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova (§ 12-8) kunngjort med annonse i avisene Vigga og Gudbrandsdølen dagningen, og i tillegg annonsert på Nordplan og Dovre kommunes heimesider. Grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar vart varsla ved e-post/brev. Frist for å koma med innspel/merknader til oppstartsvarselet var sett til 31.03.2023. Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev, datert 24.02.2023 (vedlegg 6).

3.2.1 Vurdering av innkomne merknadar/innspel

I samband med varsel om oppstart av planarbeidet kom det totalt 8 innspel, oppsummert og kommentert i følgjande tabell. Samtlege innspel fylgjer i sin heilheit i vedlegg 7.

Nr.	Innspel	Kommentar
1	Bird life Norge, 30.01.23 Bird life Norge informerar om at dei har motteke rapport om ein relativt stor tiurleik i Grønbogen. Dei har ikkje kjennskap til om denne leiken, som ligg i Joramo bygdeallmenning, er registrert i kommunens viltkart eller andre stader. Dei finn det likevel rett å varsle om denne, særleg fordi den ligg noko utsett til i nærleiken av eit pukkverk og berre om lag 30 m frå ein hogstkant mot anleggsområdet. Dei syner til eit besøk i april 2021 der det vart observert 5 spelande tiurar og minst 6 røyer på leiken. Vedlegg: kartutsnitt med lokasjon.	Føresegnene sikrar at sprenging innanfor planområdet berre er tillate i månadene august til februar, og at dette er eit avbøtande tiltak for å redusere støypåverknad på dyre- og fugleliv i og tilgrensande planområdet. Det er og sett avgrensingar på driftstider, som sikrar at drift i anlegget føregår på dagtid i eit gitt tidsrom.
2	Fjellnett, 27.02.23 Fjellnett opplyser om at dei har høgspen- og lågspen kabelnett i planområdet. Ved høgspen kabeltrasé kan ikkje terrenget endrast, fyllast opp eller senkast utan nærare avtale med Fjellnett. Vedlegg: kart som syner høgspen kabeltrasé.	Innspelet takast til orientering og sikrast i reguleringsføresegner.
3	NVE, 27.03.23 NVE kjem med eit generelt innspel, der dei gjer greie for NVEs saksområde og syner til sine digitale rettleiarar og karttenester. Dei opplyser om at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVEs rettleiar 2/2017.	Innspelet takast til orientering.
4	Bane NOR, 30.03.23 Bane NOR informerar om at Dovrebanen er ei jernbanestrekning med nasjonal	SGS as har på oppdrag frå Korsvoll maskin as gjennomført synfaring i planområdet og

	<p>betyding, og at det er venta at talet på tog gjennom planområdet vil auke. Jernbanen går inn i tunnel innanfor planområdet, og Bane NOR meiner at det som del av planlegginga må dokumenterast om lagring av masser over tunnelen er forsvarleg om det skal halde fram. Det må greiast ut om verksemda kan drivast utan at konsekvensane for jernbanen vert for store. Bane NOR syner til sin rettleiar <i>Nasjonale jernbaneinteresser i arealplanlegging (2020)</i> og sitt tekniske regelverk.</p> <p>Som grunneigar opplyser Bane NOR om at bruk av eit større areal enn det er leigeavtale for, forutset at det vert inngått ny avtale.</p>	<p>vurdert dagens situasjon med massedeponi over tunneltaket (vedlegg 8). SGS konkluderte med at det ikkje er noko ved dagens aktivitet i planområdet, inkludert massetippen, som utgjer ei fare for vendetunnelen. Dette føreset at det ikkje vert tilført nye massar massedeponiet.</p>
5	<p><u>Statens vegvesen, 30.03.23</u></p> <p>Vegvesenet opplyser om at dei ikkje har merknader til planen. Dei opplyser om at avkøyrsløp frå riksveg E136 er den same som for industriområdet og er dimensjonert for store køyretøy.</p>	<p>Innspelet takast til orientering.</p>
6	<p><u>Statsforvaltaren i Innlandet, 31.03.23</u></p> <p>Statsforvalteren opplyser om at tiltaket kan omfattast av KU-forskriftas vedlegg I pkt. 19 jf. pkt. 30. Ut frå arealstorleik og terrenghøgde kan ein fort koma opp i 2.000.000 m³ for heile området. I vurderinga av volum skal ein ta med det som er teke ut. Viss masseuttaksområdet blir 80 daa, er det tilstrekkeleg med ei gjennomsnittspallhøgde på 25 m for å koma opp i 2.000.000 m³. Statsforvaltaren ber om at dette vert vurdert og at ein eventuelt kjem attende med eit planprogram.</p> <p>Statsforvaltaren informerar vidare om at planområdet ligg innanfor buffersona til regional plan for Dovrefjell. Planområdet råkar så vidt villreinens funksjonsområde.</p> <p><u>Naturmangfald</u></p> <p>Statsforvaltaren gjer merksam på at naturmangfaldlovas prinsipp i §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved offentleg beslutningstaking, og at</p>	<p>Masseuttaksområdet er ikkje utvida med føremål om å auke uttaksmengda. Arealet er regulert med ein storleik på 40 daa, der auka areal omfattar justering mot eksisterande situasjon. Uttaksmengda vil derfor ikkje bli så stor som 2.000.000 m³, og det er vurdert å ikkje vere naudsynt med planprogram.</p> <p>Vurdert i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Tiltaka er i konsekvensutgreiinga vurdert opp mot naturmangfaldlovas §§ 8-12.</p>

	<p>vurderinga skal framgå. Dei ber om at desse vurderingane innarbeidast i planomtalen, og at det takast omsyn til naturverdiar gjennom bruk av arealformål og føresegner.</p> <p><u>Masseuttak</u></p> <p>Planforslaget må sette klare krav til uttaksgrenser, istandsetting og etterbruk. Det må sikrast skjerming av uttaksområdet, og vurderast sikkerheitsmessige forhold for omgjevnadene ved eventuell sprenging og kva føringar dette kan få for arealbruk og drifta av massetaket.</p> <p>Statsforvaltaren anbefaler at det visast til forureiningsforskriftas kap. 30 i planføresegnene.</p> <p>Statsforvaltaren trur ikkje støy frå anlegget har eit slik omfang at det råkast av retningsline T-1442/2021, men reknar med noko påverknad i nærområdet. Det er ikkje umogleg at det bør gjerast ei støyutgreiing.</p> <p><u>Massedeponi</u></p> <p>Det er noko uklårt om det leggst opp til å ta i mot massar utanfrå anlegget. Dersom ein ynskjer dette, må ein rekne med at Statsforvaltaren vil krevje søknad om løyve etter forureiningslova § 29 jf. § 11.</p> <p><u>Samfunnssikkerheit og beredskap</u></p> <p>Samfunnssikkerheits- og beredskapsmessige forhold skal ivaretakast i planarbeidet på grunnlag av vurderingar og ROS-analyse. Dette skal og omfatte klimatilpassing og konsekvensar av klimaendringar.</p> <p>Kommunen må sikre at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunn. Fare utanfor planområdet vil være viktig å avklare i planarbeidet.</p>	<p>Krav til istandsetting og etterbruk er sikra i reguleringsføresegnene.</p> <p>Skjerming av fjelltak og masseuttaksområde er sikra i både kart og føresegner, i form av vegetasjonsskjerm, sikringsgjerde og låsbar bom til anlegget.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Det er vurdert å ikkje vere behov for ei støyfagleg utgreiing av aktiviteten i planområdet, då det ikkje ligg bygg med støykjensleg bruksformål innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er ikkje registrert store friluftslivsverdiar innanfor eller tilgrensande planområdet.</p> <p>I hovudsak skal det ikkje takast i mot masse utanfrå, men i samband med drift av asfaltverk kan det vere aktuelt å ta i mot returasfalt. I så fall vil det sendast søknad om løyve etter forureiningsforskrifta.</p> <p>Risiko og sårbarheit knytt til tiltaka i planområdet er utgreidd gjennom vedlagt ROS-analyse. Klimapåslag er inkludert i ROS-vurderingane.</p>
7	<p>Innlandet fylkeskommune, 31.03.23</p> <p>Fylkeskommunen forutset at planarbeidet skjer i medhald av</p>	<p>Innspelet takast til orientering.</p>

	<p>gjeldande lov-, plan- og regelverk, i god dialog med råka partar. Planarbeidet må og forhalde seg til den regionale planen for Dovrefjellområdet, der tiltaket er lokalisert innanfor buffersone BS1.</p> <p><u>Klima- og miljømessige forhold</u></p> <p>Fylkeskommunen opplyser om at det ligg to bekkar innanfor planområdet, og at den eine (Kubåsbekken) kryssast av eksisterande tilkomstveg heilt aust i planområdet. Den andre renn frå nord til sør midt i planområdet. Kubåsbekken er allereie kryssa av veg, og slik fylkeskommunen oppfattar det vil det ikkje bli endringar som påverkar bekkene direkte. Viss dette likevel er tilfelle, må det beskrivast i det vidare planarbeidet. Bekken som renn midt i planområdet ligg open på korte strekningar nord og sør for jernbanen. Viktig å sikre ein god buffer mellom bekkane og uttaksområda. Planarbeidet må ha fokus på overvasshandsaming og avrenning.</p> <p><u>Kulturvern faglege forhold</u></p> <p>Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor eller i umiddelbar nærleik til det aktuelle området. Deler av planområdet er tidlegare synfart, utan at det vart gjort funn. Det er vurdert som lite sannsynleg at det finns bevarte automatisk freda kulturminne som kan bli råka av tiltaket. Det er derfor vurdert som ikkje naudsynt å foreta arkeologisk registrering i planområdet. Det visast til § 8 i kulturminnelova.</p> <p>Fylkeskommunen har ingen samferdselsfaglege merknader til saka.</p>	<p>Reguleringsføresegnene legg opp til at sikring mot sedimentering frå anlegget til omkringliggende bekkar/elver vert handtert i driftsplan. Det er lagt opp til at det skal prosjekterast og byggast sedimentasjonsbasseng for å sikre at sediment vert avsett før overflatevatn vert leia til resipient/infiltrert i grunn.</p> <p>Takast til orientering og sikrast i reguleringsføresegner.</p>
<p>8</p>	<p><u>Direktoratet for mineralforvaltning,</u> <u>05.05.23</u></p> <p>DMF kjem med ei generell tilråding om at området der det skal drivast uttak vert regulert til formålet <i>råstoffutvinning</i> eller <i>steinbrot og masseuttak</i>. Tilhøyrande produksjonsanlegg som asfaltverk, verkstadbygg og liknande, er det anledning til å regulere spesifikt til</p>	<p>Arealet vert regulert til føreslåtte formål. Innspelet vert elles teke til orientering.</p>

<p>industriformål eller som eit eige felt under uttaksformålet med eigne føresegner om bygningar/anlegg.</p> <p><u>Ressursgrunnlaget</u></p> <p>Gjeldande plan omtalar ressursane som skal takast ut, kvaliteten og bruksområda til massane. Dette bør og gå fram av ny plan.</p> <p>Arealet for uttak bør utformast på ein måte som sikrar både at ressursane kan utnyttast i samsvar med geologien i området, og samstundes legg til rette for formålstenleg og forsvarleg drift. Når det planleggast for uttak av fast fjell, bør plandokumenta og innehalde informasjon om geologiske strukturar som oppsprekkingsgrad og eventuelle diskontinuitetar i bergarten, dersom det vert vurdert som relevant for utforminga av uttaksområdet.</p> <p>Plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stede. Det inneber ei utgreiing av estimert totalt uttaksvolum og anteke årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar.</p> <p><u>Forhaldet mellom minerallova og plan- og bygningslova</u></p> <p>Arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegnene kan det mellom anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Formålet med reguleringsføresegnene bør gå klart fram av planomtalen.</p> <p>DMF oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølv drifta av uttaket, då ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan. DMF oppmodar til at det takast ein gjennomgang av dei gjeldande føresegnene for uttaksområdet, og vurderer om det er naudsynt med den noverande høge grad av detaljar, til dømes, føringar for driftsplan, pallhøgder, uttaksdjupn og avdekkingsgrad. Eit masseuttak har ofte</p>	<p>Dette er beskive i planomtalen.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Dette er beskive i planomtalen.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Innspelet takast til orientering.</p>
--	--

<p>eit livsløp som går over fleire tiår, og ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar og skal kunne endrast i takt med løpande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelatert forhold.</p> <p><u>Sikring, skjerming og etterbruk</u></p> <p>Masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ei fare for omgjevnadene. DMF rår til at føresegn som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra vidareførast i ny plan. Dersom det er naudsynt må det leggest opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. DMF rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt oppå, men ved sidan av uttaksområdet. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen til både sikrings- og skjermingstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.</p> <p>Viktig at kommune og tiltakshavar vurderer korleis området skal utformast etter avslutta drift og kva formål området skal førast tilbake til. Korleis avsluttinga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva slags arealformål uttaket skal bli sett i stand til gjev god kopling til DMF si handsaming av søknad om driftskonsesjon. DMF tilrår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealformålet på følgjande/tilsvarande måte: etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruken skogbruk (for eksempel).</p>	<p>Dette er sikra i føresegnene. Det tillatast etablert gjerde innanfor formål for vegetasjonsskjerm samt baneformål.</p> <p>Føresegner for formål etter avslutta drift er sikra i føresegner.</p>
---	--

4 Planområdet – dagens situasjon

4.1 Bruk av planområdet

4.1.1 Historisk og noverande arealbruk

Planområdet omfattar eit fjelltak som vart etablert i samband med bygginga av Dovrebanen i 1921, for uttak av pukk til jernbanen. Drifta i uttaket heldt fram til 1967, men vart reopna i 2012. Dagens drift har eit årleg uttak på om lag 10.000-15.000 m³. Bergarten i uttak er trondhjemit, ein ljøs smeltebergart som skil seg frå annan granitt ved kun å innehalde ein feltspattype.

Eldste flyfotoet over planområdet er frå 1963 (figur 8). Fotoet syner at anlegget på den tida omfatta areal både nord for og mellom jernbanespora.



Figur 8: Flyfoto som syner situasjonen i planområdet i juli 1963.



Figur 9: Flyfoto som syner situasjonen i planområdet i august 2002.

Det er ikkje kjent når uttak i fjelltaket stoppa, men flyfoto frå 2002 (figur 9) syner at det ikkje har vore drift i fjelltaket på ei tid.

Planområdet er i dag i stor grad utnytta, og består av eit fjelltak på nordsida av øvste jernbaneline med tilhøyrande bygningar og anlegg, samt ein masselagringsplass mellom øvste og nedste jernbaneline (figur 10 og figur 11). Det er bygd ein tunnel under jernbanen for frakt av massar frå fjelltaket til masselagringsplassen (figur 12). I tillegg til anlegg innanfor regulert område, er det i dag teke i bruk område som ligg utanfor gjeldande reguleringsplanar. Dette omfattar mellom anna areal som det i 2016 vart gjeve dispensasjon til for oppføring av eit midlertidig asfaltverk, samt eit massedeponi over taket på jernbanetunnelen som er etablert etter at drifta i uttaket start opp igjen i 2011 (figur 13). Hovuddelen av massedeponiet ligg sørvest for tunneltraséen, medan dei fyrste deponerte massane ligg over tunnelen. Dei deponerte massane består i hovudsak av overdekkingsmassar som er fjerna i samband med uttaket.



Figur 10: Utklipp som syner planområdet med tilkomstvegar og jernbanen, samt elvegjela til Grøna og Jora. Sett mot nordvest. Henta frå Kommunekart 3D.



Figur 11: Flyfoto over planområdet frå mai 2020.




Figur 12: Transportband i tunnel under jernbanen for frakt av massar frå fjelltak til masselagringsplass.



Figur 13: Foto teke frå toppen av fjelluttaket, mot massetipp over jernbanetunnel.



Figur 14: Frå anlegget i fjelltaket. Sett mot nordvest.



Figur 15: Frå anlegget i fjelltaket. Sett mot vest. Massetipp over jernbanetunnel samt tunnelopning markert i fotoet.




Figur 16: Containerrekke sett opp mellom fjelltaket og øvste jernbaneline.

Figur 14 og figur 15 syner eksisterande situasjon i fjelltaket i dag. Figur 16 syner containerrekke etablert på nordsida av øvste jernbaneline, for å skjerme jernbanespetet mot drifta i anlegget.

4.2 Landskap og stadskarakter

Arealet ligg eit stykke frå sentrumsbusetnad og bustader, i ei skogkledd li-side nord for etablert næringsområde på Joramo. Figur 17 syner næraste busetnad; oransje avgrensing i nord syner fritidsbusetnad ved Grønsætrin om lag 2,5 km nordaust for Grønbogen, og oransje avgrensing i sør syner næringsområdet på Joramo, om lag 1 km sør for fjelltaket. Arealet kring masseuttaket er registrert som middelsbonitets barskog. Arealet har ei slak helling, og grensar mot elveløpet til elva Jora mot vest/sørvest. Planområdet er i all hovudsak avskoga, forutan nokre klynger med furutre spreidd omkring arealet.




Figur 17: Utklippet syner omkringliggende busetnad. Planområdet merka med raud strek.

4.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjent funn av kulturminne innanfor planområdets avgrensing. Det var gjennomført ei synfaring i regi av fylkeskommunen tilbake i 2011, i samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplan.

4.4 Friluftsliv


Ifylgje Strava heatmap (fig. 20) er det knytt noko bruk til ein sti som går nordaust for planområdet, samt noko meir bruk på ein grusveg vest for planområdet. Like sør for planområdet går det ein veg som har noko ferdsle. Bruken er registrert som fotturar. Det er elles ikkje registrert friluftslivsverdiar i eller tilgrensande planområdet.



Figur 18: Utklipp frå Strava heatmap som syner registrert aktivitet til fots og på sykkel i området omkring planområdet (raud sirkel).

4.5 Naturmangfald og økologiske funksjonar

Figur 19 syner registrerte verdiar knytt til naturmangfald i områda kring planområdet. Det er ikkje registrert sårbar flora eller viktige naturtypar i eller tilgrensande planområdet. Regional plan for Dovrefjellområdet omfattar mellom anna planområdet, og legg føringar for ei heilskapleg forvaltning av fjellområde og sikring av villreinen leveområde. Planområdet ligg innanfor buffersone BS1. Planområdet er og omfatta av område for heilårsbeite knytt til villrein i Snøhettaområdet. Dette arealet er i gjeldande plan regulert til LNFR-formål. Villreinen er nyleg raudlista som art (Miljødirektoratet). NINA har kartlagt status og leveområde for villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet (2012), der det er vurdert at Grønbogen ligg eit stykke utanfor anslått trekkområde og på grensa for ytre biologiske leveområde. Det er i den digitale databasen Dyretråkk.no ikkje registrert individ i eller tilgrensande planområdet dei siste 3 åra.



Figur 19: Utklipp frå Naturbase med markerte registreringar. Plangrensa synt med raud strek.

Nordvest for planområdet er det gjort 4 registreringar av granmeis (sårbar) i perioden 2012-2014, og ei registrering av gauk (nær trua) i 2012. På synfaring i planområdet vart det observert dyrespor av mellom anna hjortevilt.

Planområdet ligg ifylgje Naturbase innanfor forvaltingsområde for rovdycet jerv.

Det er i gjeldande reguleringsplanar gjort greie for moglege lokalitetar av hubro og kongeørn, der det er opplyst om at unødige forstyrningar i hekkeperioden er ivareteke gjennom regulering av tider for sprenging. Vest for planområdet ligg Jora landskapsvernområde samt to viktige naturtypar tilknytt eit gammalt barskogfelt og elvejuvlandskapet Jore-Grøna.

4.6 Naturressursar

NGU sin grus- og pukkdatabse har ei registrering av førekomsten i Grønbogen, frå november 2012 i samband med prøveuttak i fjelltaket. Korsvoll maskin as starta opp drift i det gamle massetaket i 2012. NGU beskriv at Trondhjemitt er dominerande bergart i fjelltaket, og førekomstens verdi var vurdert å ha liten betydning. I gjeldande reguleringsplan (2013) er det beskrive at ressursen i samband med prøveuttaket vart vurdert som god, og at steinressursen er mogleg å nytte til fleire ulike typar formålet i bygge- og anleggsbransjen, i tillegg til at jernbanen kan sikre seg lett tilgjengelege masser langs banetraséen. NGU beskriv vidare at NSB sannsynlegvis har tatt ut jernbanepukk før 2012 (nærare omtala i kap. 4.1.1).

Planområdet ligg innanfor nedslagsfeltet til Jora, som er registrert som eit varig verna sidevassdrag til Gudbrandsdalslågen.

Det er elles ikkje registrert spesielle naturressursar innanfor planområdet.

4.7 Jordressursar, landbruk, skogbruk

Det er ikkje registrert store verdier knytt til skogbruk innanfor planområdet, men det er kjent at det hausten 2021 vart hogd eit areal i vest. Skogen er registrert med middels til låg bonitet.

Som beiteområde for sau, geit og storfe er masseuttaksområdet med tilkomstvegar sikra med etablerte gjerde, grinder og ferister, for å ivareta dyretråkk og for å sikre at husdyr ikkje tek seg inn på anlegget. Det er ikkje registrert dyrkbar mark innanfor planområdet, og jordbruksfaglege omsyn er derfor ikkje vurdert vidare.


4.8 Grunnforhald

I NGUS kartdatabase syner berggrunnskartet at planområdet ligg innanfor eit område med bergartane trondhemitt, granitt og monzonitt, der trondhemitt er beskrive som hovudbergart. Lausmassane er registrert som samanhengande morenemateriale, stadvis med stor mektigheit. Infiltrasjonspotensialet i grunnen er ifylgje NGU vurdert som middels for området, sjølv om fjelltaket/masselagringsområdet ikkje er klassifisert.

4.9 Teknisk infrastruktur

4.9.1 Trafikkforhald

Planområdet har i dag to tilkomstvegar; ein til fjelltaket og ein til masselagringsplassen (fig. 22). Tilkomstvegane går via avkøyrse frå E136 ved Joramo industriområde, og vidare via Grønsetervegen. Tilkomstvegen til fjelltaket kryssar Dovrebanen i to punkt, der begge er sikra med lyd, ljøs og bom. Masselagringsplassen har tilkomst frå Grønsetervegen, og kryssar jernbanen i eitt punkt (regulert med lyd, ljøs og bom).



Figur 20: Oversiktskart som syner etablerte køyvegar samt jernbanen.

4.9.2 Vatn, avlaup og overvatn

Det er i dag etablert ein vasskum i planområdet som gjev vatn til garderobe tilknytt fjelltaket. Vasskummen består av betongringar samt ei pumpe. Avlaup er løyst ved bruk av tett tank, som tømmast med septikbil ved behov.

Det går ein bekk gjennom planområdet, som i samband med fylling i planområdet vart lagt i rør, med ein kulvert under jernbanen. Oppstraums kulverten ligg det i dag to stk. OV800-røyr, og eitt nedstraums kulverten. Langs tilkomstvegen er det registrert fire stikkrenner; 2 x OV400, 1 x OV600 og 1 x OV1000. Langs vegen ovanfor fjelltaket er det registrert ei avskjeringsgrøft som hindrar avrenning av reint overvatn til fjelltaket.

Ifylgje VAO-planen går det i dag ei passasje under jernbanen, der avrenning frå fjelltaket kryssar.

4.9.3 Energiforsyning

Det er i dag etablert både høg- og lågspent kabelnett i planområdet. Fjellnett opplyser om at høgspentlina er lagt i kabel gjennom planområdet.

4.10 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje registrert verdiar for barn og unge i eller tilgrensande planområdet i dag.

4.11 Forureining

4.11.1 Støv og støy

Dagens drift i planområdet genererer støy frå arbeid med knusing, sprenging og transport/lagring av masser. Planområdet er utsett for støy frå jernbanen, men dette har liten konsekvens for dagens aktivitet i planområdet. Støyproblematikken er vurdert i gjeldande reguleringsplanar, og konsekvensane er med avbøtande tiltak, vurdert å vere tilfredsstillande.

I samband med gjeldande reguleringsplanar gjorde Jernbaneverket ei vurdering av støyproblematikken, då støv kan gje både manglande drenering av banelegemet og kan legge seg på straumførande liner og gje overslag/dårleg jording. Det er fastslått at toga som passerar sjølv bles bort støv frå lina. Vidare vil den dominerande vindretninga samt vanleg nedbør sikre at støvnedfall ikkje blir noko problem.

Som avbøtande tiltak er det i dag hovudsakeleg nytta knuseverk med vatning.

4.11.2 Forureina grunn

Det er ikkje registrert eller kjent forureina grunn innanfor planområdet.


5 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument (vedlegg 3).

Etter gjennomgang av sjekklista i kap. 4 i vedlagt ROS-analyse, er følgende uønska hendingar identifisert:

1. **Kollaps Grønbogtunnelen.**
2. **Dovrebanen**
3. **Skog-/lyngbrann, tilgang på sløkkevatn.**

Figur 21 syner ei oversikt over moglege risiko- og sårbarheitsforhold i planområdet.



Figur 21: Faremoment i planområdet.

5.1 Oppsummering konkrete tiltak

Dette kapittelet syner ei oppsummering av forslag til tiltak og konkret oppfølging i plandokumentene for dei identifiserte hendingane:

Forslag til tiltak og oppfølging i reguleringsplanen	
Tiltak	I plan (kart og føresegner)
Nr. 1 Kollaps Grønbogtunnelen	
<ul style="list-style-type: none">▪ Stans i tilførsel av masse til deponiområdet.▪ Før sprenging skal det føreligge sprengingsplan og salveplan, godkjent av bergsprengingsleiar.	<ul style="list-style-type: none">▪ Sikra i føresegnene pkt.:<ul style="list-style-type: none">▪ 4.1: byggeforbod rundt bane (H130).▪ 4.2: faresone, forbod mot sprenging (H390).

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ved sprenging i fjelltaket skal jernbanesporet stengast for ferdsle. ▪ Stans av togtrafikk i periodar der masse handterast til/frå deponiet. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 2.2.3: krav om godkjent sprenging-/salveplan samt krav om stenging av trafikk på jernbanen ved transport av masse frå formål RU2 omfatta av omsynssone H130.
Nr. 2 Dovrebanen	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Sikre uttaks- og masselagringsområde med gjerde. ▪ Sikre areal mellom jernbane og uttak-/masselagringsområde med gjerde. ▪ Sikre at botnen av uttaksområdet ikkje har helling mot jernbanen, for å hindre at køyretøy osv. rullar ned mot jernbanen. ▪ Anleggsområdet sikrast med låsbar bom slik at uvedkommande ikkje får tilgang til området. ▪ Utarbeide ein sprengingsplan med risikovurdering for kvar salve. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Sikra i føresegnene pkt.: ▪ 2.2.2: sikringsgjerde kring SM, RU1-2 og ABT1-3. ▪ 2.2.3: krav om godkjent sprengings-/salveplan. ▪ 3.1.3: flat botn i uttaksområdet. ▪ 5.2.2: krav om etablering av bom på tilkomstveg.
Nr. 3 Skog- og lyngbrann	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Sikre at utstyr og bygningar innanfor anleggsområdet er utstyr med sløkkereiskap (TEK 17). ▪ Lagring av utstyr og parkering av køyretøy skal skje innanfor uttaksområdet, slik at spreiiingsfaren minimerast. ▪ Sprenging, boring og annan aktivitet som kan auke faren for brann skal ikkje utøvast i periodar med skogbrannfare. 	<ul style="list-style-type: none"> Sikra i føresegnene pkt.: ▪ 2.2.4: skogbrann. ▪ 3.4.1: parkering, lagring av maskinar og utstyr.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk


6.1.1 Reguleringsføremål

Planområdet har ein total storleik på om la 216 daa. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen syner:

REGULERINGSFORMÅL OG SOSI-KODE	PLANLEMNING	AREAL TOTALT (daa)
Bygningar og anlegg – pbl. § 12-5 nr. 1		
Råstoffutvinning (1200)	RU1-2	12,5 + 46,6 = 59,1
Steinbrot og masseuttak (1201)	SM	40,1
SUM		99,2
Køyreveg (2011)	KV	6,3
Trasé for jernbane (2021)	JB	2,6
Annan banegrunn – tekniske anlegg (2028)	ABT1-4	1,4 + 1,1 + 1,5 + 4,1 = 8,1
Annan banegrunn - tekniske anlegg kombinert med råstoffutvinning (2900)	SAA1-2	2,8 + 0,3 = 3,1
SUM		20,1
Vegetasjonsskjerm (3060)	VS1-5	3,1 + 1,1 + 1,3 + 14,5 + 0,8 = 20,8
SUM		20,8
SKOG (5112)	SKOG1-3	54,8 + 5,1 + 17 = 76,9
SUM		76,9
SUM TOTALT		217

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

Figur 22 syner reguleringsplankartet med føremål presentert i kap. 6.1.1. Plankartet fylgjer i vedlegg 1.



Figur 22: Utklipp frå reguleringsplankartet.

6.2.1 Steinbrot og masseuttak, SM

Formålet regulerer eksisterande fjelltak, med utgangspunkt i formålsgrensene for reguleringsplanen frå 2013. Arealet har ein storleik på om lag 40 daa, ei auke på om lag 8 daa frå gjeldande reguleringsplan (2013). Utvidinga omfattar noko areal langs avgrensinga i aust og i sørvest, for å sikre rett formål på eksisterande arealbruk. I gjeldande plan går formålsgrensa i kant med ytre grense på fjelltaket, medan i sørvest er det etablert anleggsveg fram til massedeponi innanfor arealet.

Innanfor formålet kan det drivast knusing og sortering av massar, samt mellombels lagring av toppdekke og massar som er teke ut. Fjelltaket skal ha drivretning som i dag; frå eksisterande uttak og vidare i retning nord/nordaust. Drifta i fjelltaket skal styrast av ein driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Driftsplanen skal utarbeidast i samband med konsesjonssøknad for fjelltaket og masselagringsplassen, og skal til ein kvar tid vere godkjend.

6.2.2 Råstoffutvinning, RU1-2

Formålet regulerer eksisterande og utvida areal for masselagring, sør for fjelltaket (SM). Arealet har ein total storleik på om lag 59,1 daa, der masselagringsplassen på nordsida av jernbanen (RU1) utgjer om lag 12,5 daa, og arealet på sørsida av jernbanen (RU2) utgjer om lag

46,6 daa. Arealet regulert til masselagring i planen frå 2014 var om lag 3,7 daa, noko som gjev ei auke i areal til masselagring på om lag 55,4 daa.

RU1 omfattar areal som i reguleringsplanen for 2013 var regulert til LNFR-areal og køyreveg. Arealet grensar mot vegetasjonsskjerm med omsynssone for jernbaneformål mot sør. Innanfor formål RU1 tillatast det etablert midlertidige bygningar/anlegg som er relevante og naudsynte for drifta i anlegget, som til dømes ein lagerhall/verkstadbygg og lastebilvekt. Det tillatast òg etablert midlertidige anleggsvegar innanfor formålet. Anleggsvegar skal attendeførast til LNFR-areal, og bygningar/anlegg skal rivast og fjernast i samband med istandsetting av arealet etter ferdig uttak.

RU2 omfattar areal som i reguleringsplanen frå 2014 var regulert til LNFR-areal, noko vegareal samt om lag 3,7 daa masselagring. RU2 er i tillegg utvida med om lag 41,4 daa sørover, for å inkludere areal der det i 2016 vart gjeve dispensasjon til oppføring av midlertidig asfaltverk. Arealet er i dag nytta til asfaltverk og lagring av massar. Det er regulert vegetasjonsskjermer med omsynssone for jernbaneformål både mot nord og sør, mot jernbanelinene.

I gjeldande driftsplan er det oppgjeve ei totalt uttaksmengd på om lag 693.000 m³, med ei årleg uttaksmengd på om lag 15.000 m³. Desse tala stemmer bra med dagens drift, der det er oppgjeve eit årleg uttak som varierer mellom 10.000-20.000 m³. Grunneigar Joramo bygdealmening har opplyst om at det per november 2022 er teke ut om lag 175.000 m³ fjell sidan oppstarten i 2012. Det tilsvarar ei årleg uttaksmengd på om lag 17.500 m³. Ifylgje gjeldande driftsplan er forventet levetid på uttaket om lag 46 år frå 2014, noko som betyr fram til og med om lag år 2060, noko avhengig av årleg uttak. Oppdaterte tal vil gjerast nærare greie for i driftsplan og søknad om driftskonsesjon til DMF.

Innanfor RU1 og RU2 tillatast det etablert sedimentasjonsanlegg for oppsamling av forureina overflatevatn frå uttaket. Vedlagt OV-plan (vedlegg 4) føreslår at det etablerast to sedimenteringsanlegg i planområdet, der det eine skal fange partiklar frå fjelltaket og den andre frå massedeponeiet.

6.2.3 Jernbaneformål, JB

Formålet regulerer eksisterande trasé for Dovrebanen, med 5 m til kvar side for spormidtdet. Det er regulert sikringssone H130_1 på formålet, for å sikre byggeforbod kring jernbanen.

6.2.4 Annan banegrund – tekniske anlegg, ABT1-3

Formålet regulerer sideareal til jernbanen, med sikringssone H130_1-2 for å sikre byggeforbodet kring jernbanen. Det er i dag etablert eit transportband for frakt av massar frå uttaksområdet til lagringsplass via tunnel under jernbanen, som skal vidareførast i ny plan.

6.2.5 Annan banegrund – tekniske anlegg kombinert med råstoffutvinning, SAA1-2

Formålet regulerer to areal for kombinert formål annan banegrund og råstoffutvinning, der det i dag er etablert eit lagerbygg og ei containerrekke som ein skjerm mot jernbanen, samt eit transportband for frakt av masse under jernbanen. Bygningane er plassert innanfor gjeldande byggegrense frå jernbanen, og er omsøkt i eigen dispensasjonssøknad/byggesøknad til Bane NOR. Det tillatast ikkje etablert nye bygningar innanfor byggegrensa utan at det føreligg skriftleg løyve frå baneigarar.

6.2.6 Køyreveg, KV

Formålet regulerer tilkomstveg til masselagringsområde RU2. Vegen er regulert med ei breidd på 6,0 m. Vegarealet er utvida med om lag 15 daa i forhold til reguleringsplanen frå 2014.

6.2.7 Vegetasjonsskjerm, VS1-4

Formålet regulerer vegetasjonsskjermer kring jernbaneformåla og formål RU1-2 og SM. Innanfor desse formåla skal eksisterande tre- og buskvegetasjon ivaretakast og eventuelt tilplantast, for å sikre størst mogleg skjermingseffekt. Det kan og etablerast sikringsgjerde mot jernbanen og fjelltaket/masselagringsplassen innanfor dette formålet.

6.2.8 LNFR-areal for naudsynte tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag – skogbruk, SKOG1-3

Innanfor formålet tillatast arealbruk foreint med skogbruk. Innanfor føresegnområde #1 tillatast det etablert midlertidige anleggsvegar. Det tillatast ikkje flatehogst innanfor formålet, men det kan drivast plukkhogst og skjøtsel av vegetasjonen. Nær brotkanten tillatast det fjerning av tre, som eit tryggleikstiltak for dyr og menneske. Nytt areal for LNFR skogbruk utgjer om lag 15 daa.

6.2.9 Byggehøgder

Maks. tillate mønehøgde innanfor formål SAA1-2 og RU1-2 er sett til 15 m, målt frå gjennomsnittleg planert terreng.

6.2.10 Byggegrenser

Det er i plankartet regulert i generell byggegrense på 30 m målt frå jernbanes spormidt. Innanfor denne sona tillatast ikkje byggetiltak, men unntak av der det føreligg skriftleg løyve frå baneigar.

6.3 Omsynssoner og føresegnområde

6.3.1 Sikringsone transport (byggeforbod rundt veg, bane og flyplass) H130_1-2

Det er regulert ei byggeforbodssone langs jernbanen, som utgjer 30 m til kvar side for jernbanens spormidt. Det tillatast ikkje deponering av massar innanfor denne sona.

6.3.2 Faresone (H370)

H370 er faresone omkring eksisterande 22 kV. Høgspenlinje der det ikkje tillata med tiltak, grunnarbeid eller faste konstruksjonar utan godkjenning frå netteigar. Ved ei eventuell omlegging av høgspenlinja gjeld ikkje desse restriksjonane.

6.3.3 Annan fare (H390)

Faresona regulerer ei buffersone på 50 m frå jernbanetunnelen der det ikkje tillatast sprenging. Det tillatast ikkje deponering av massar innanfor denne sona.

6.3.4 Føresegnområde #1

Innanfor føresegnområde #1 opnast det for etablering av mellombelse anleggsvegar i samband med drifta i fjelltaket. Føresegnene sikrar at vegane attendeførast til LNFR-areal etter ferdig uttak.

6.4 Rekkefølgeføresegner

Det er i føresegnene sikra at det skal føreligge oppdatert og godkjent driftssøknad og driftsplan frå Direktoratet for mineralforvaltning. Det skal vidare settast opp sikringsgjerde for å hindre at vilt, beitedyr og menneske tek seg inn på anlegget, særleg med omsyn til store pallhøgder. Det skal og sikrast at tilkomstvegen er utstyrt med låsbar bom.

Føresegnene legg føringar for at det umiddelbart etter ferdig uttak skal gå i gang arbeid med å sette i stand og attendeføre areala til LNFR-formål (skogbruk). Det er sett krav om at dette arbeidet skal vere ferdigstilt innan to år.

7 Konsekvensutgreiing

7.1 Konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Konsekvensutgreiing for **miljø og samfunn** er utarbeidd i tråd med Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sin rettleiar *Konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven* (2021) og Miljødirektoratet sin rettleiar *M-1941 Konsekvensutredningar for klima og miljø*. Denne har utgangspunkt i *Forskrift om konsekvensutgreiingar* (06/2017). Statens vegvesen si handbok V712 (2021) er nytta der M-1941 ikkje har vore dekkande.

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurdering av dei forventa konsekvensane av planen, med dei rammene som ligg i situasjonen i dag og gjeldande kommune- og reguleringsplanar for området. Aktuelle avbøtande tiltak og/eller behov for oppfølgande undersøkingar vert gjort greie for i dei einstilte temaa og i samanstilling av konsekvens.

Vurderinga av *verdi* (Figur 23), *påverknad* (Figur 24) og *konsekvens* (Figur 25 og Figur 26) er gjort med utgangspunkt i tabellar henta frå rettleiar *M-1941*.

- **Verdi:** ein indikator for kor stor betyding eit område har i eit nasjonalt perspektiv.
- **Påverknad:** ei vurdering av korleis det definerte tiltaket verkar inn på det same området. Innverknad vert vurdert i forhold til 0-alternativet.
- **Konsekvens:** er vurdert ut i frå ei samanstilling av verdi og innverknad. Konsekvensen er ei vurdering av om eit definert tiltak vil medføre betring eller forringing av eit område.

Verdikategori	Ubetydelig verdi	Noe verdi	Middels verdi eller forvaltningsprioritet	Stor verdi eller høy forvaltningsprioritet	Svært stor verdi eller høyeste forvaltningsprioritet
---------------	------------------	-----------	---	--	--

Figur 23: Kategoriar for verdivurdering. Henta frå rettleiar *M-1941*.


Planen eller tiltakets påvirkning	Forbedret	Ubetydelig endring	Noe forringet	Forringet	Sterkt forringet
-----------------------------------	-----------	--------------------	---------------	-----------	------------------

Figur 24: Kategoriar for vurdering av påverknad. Henta frå rettleiar *M-1941*.

For å vurdere konsekvens er det nytta ein sjudelt skala som bygger på konsekvensvifta henta frå steg 4 i rettleiar *M-1941*. Figur 25 syner kategoriane for konsekvensgrad, og Figur 26 syner konsekvensvifta som samanstillar verdi og påverknad for kvart tema.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Svært alvorlig miljøskade	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for området. Gjelder kun for områder med stor eller svært stor verdi.
---	Alvorlig miljøskade	Alvorlig miljøskade for området
--	Betydelig miljøskade	Betydelig miljøskade for området
-	Noe miljøskade	Noe miljøskade for området
0	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
+ / ++	Noe miljøforbedring. Betydelig miljøforbedring	Miljøgevinst for området. Noe forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbedring. Svært stor miljøforbedring	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbedring. Benyttes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket

Figur 25: Kategoriar for vurdering av konsekvensgrad. Henta frå rettleiar M-1941.



Figur 26: Konsekvensvifta. Henta frå rettleiar M-1941.

Alternativ		0-alternativ	Eit eller fleire alternativ	
Vurderingar av konsekvens			Alternativ A	Alternativ B
Klima- og miljøtema	Naturmangfald	0		
	Landskap/landskapsverknad	0		
	Friluftsliv	0		
	Grunnforhold	0		
	Vassmiljø	0		
	Forureining	0		
	Næringsliv	0		
	Samfunnstryggleik/ROS	0		

Samanstilling av konsekvensar for alle klima- og miljøtema. Basert på tabell henta frå M-1941.

7.1 Kunnskapsgrunnlag

Vurderingane gjort i denne analysen er basert på tilgjengeleg kunnskap henta frå følgjande databasar:

- Naturbase (Miljødirektoratet).
- Strava Heatmap.
- Kilden (NIBIO).
- Kulturminnesøk (Riksantikvaren)
- Kommunekart 3D.
- InnlandsGIS.
- Grunnforurensning (Miljødirektoratet).

Følgande dokument/rapportar er også lagt til grunn:

- Villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet. Status og leveområde. NINA, 2012.
- Veileder nr. 6 2015. Sikringstiltak ved vassdragsanlegg, veileder til dam sikkerhetsforskriften. NVE, 2015.


7.2 Utgreiingsalternativ

7.2.1 0-alternativet

I denne saka er 0-alternativet litt misvisande, da området allereie er utbygd i tråd med alternativ A. Likevel tar ein her utgangspunkt i at 0-alternativet er lik situasjonen i gjeldande planar med masseuttak og eit mindre areal avsett til masselagring (Figur 27), samt kommuneplanens arealdel (KPA) der arealet denne planen regulerer er avsett til noverande råstoffutvinning og LNF-område (Figur 28).



Figur 27: Utklipp som viser gjeldande reguleringsplanar i planområdet.



Figur 28: Utklipp frå gjeldande kommuneplan for Dovre kommune. Plangrense for reguleringsplanen synt med oransje stipla strek.

7.2.2 Alternativ A

Alternativ A omfattar utviding av masselagringsplass samt oppføring av bygningar og konstruksjonar innanfor masselagringsområdet. Dette arealet er per dags dato allereie teke i bruk utan gyldig løyve. Areal regulert til masseuttak samsvarar med regulert areal i gjeldande

planar. Det er ikkje vurdert andre alternative lokaliseringar, då tiltaka inneber ei utviding av eksisterande drift på området.

7.3 Utgreiingstema

Aktuelle tema i konsekvensutgreiinga er avklart gjennom oppstartsmøtet (vedlegg xx). Temaet nasjonale og internasjonale miljømål var også sett som eit eige utgreiingstema, men dette er vurdert å vere ivareteke gjennom dei resterande utgreiingstema. Temaet beredskap ogulukkesrisiko, samt transportbehov, energibruk og energiløysingar er ikkje inkludert i konsekvensutgreiinga, men er ivareteke gjennom ROS-analyse og/eller planomtalen.


Aktuelle utgreiingstema:

- Naturmangfald og økosystemtenester
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Forureining
- Vassmiljø

7.4 Naturmangfald og økosystemtenester

7.4.1 Utgreiingsområdet

Utgreiingsområdet består av planområdet og influensområdet (Figur 29). Influensområdet for temaet naturmangfald og økosystemtenester er sett til 100 m frå planlagd tiltak, i samsvar med NVE rettleiar 6/2018.



Figur 29: Kart over utgreiingsområdet med delområde 1 og 2. Planområdet markert med raud strek og influensområdet markert med blå stipla strek.

Delområde aktuelle for temaet naturmangfald og økosystemtenester går fram av tabell 1.

Tabell 1: Delområde for tema naturmangfald.

Delområde	Skildring av delområde
-----------	------------------------

1 <i>Snøhetta-området</i>	Nordleg del av utgreiingsområdet ligg innanfor område for heilårsbeite knytt til villrein i Snøhetta-området.
2 <i>Grønbogen</i>	Delområdet omfattar heile utgreiingsområdet. Ifølgje Naturbase ligg utgreiings- og nærliggande område innanfor forvaltingsområde for rovdycet jerv. På synfaring i planområdet vart det gjort observasjonar av dyrespor av mellom anna hjortevilt.
3 <i>Fugleliv</i>	Det er i gjeldande reguleringsplanar frå 2013 gjort greie for moglege lokalitetar av hubro og kongeørn. Daverande Fylkesmannen opplyste i samband med reguleringsplanen frå 2013 at moglege lokalitetar var sør og nordvest for planområdet. Nøyaktig lokalisering av lokalitetane eller avstand til tiltaket er ikkje oppgitt nærare, men omsynet til lokalitetane er ivareteke i gjeldande driftsplan gjennom regulering av tider for sprenging utanfor hekkeperioden. Bird life Norge har også gitt innspel til varsel om oppstart, om ein relativt stor tiurleik i Grønbogen. Vedlagt kart til innspelet viser at lokaliteten er plassert aust for planområdet. Da plasseringa til lokalitetane av kongeørn og hubro ikkje er kjend, er ikkje delområdet inkludert i kartet over delområde (Figur 29).

7.4.2 Verdivurdering

Verdivurdering for dei tre delområda innanfor tema naturmangfald er synt i tabell 2.

Delområde 1 *Snøhetta-området*:

Villreinen er nyleg raudlista som art, der den er vurdert som *nær trua* NT (Artsdatabanken). Villrein er også ein ansvarsart der Norge har meir enn 25% av artens europeiske bestand. NINA har kartlagt status og leveområde for villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet (2012), der det er vurdert at Grønbogen ligg eit stykke utanfor anslått trekkområde og på grensa for ytre biologiske leveområde. Data henta frå Dyreposisjon.no, syner at det er registrert fire individ på nordaustsida av Grønsæterhøe (1417 moh.) nordaust for planområdet. Tre av registreringane er frå 2010 og 2011, medan ei registrering av ein bukk er frå 2024. Fordi området ligg innanfor nasjonale villreinområde, settast verdien av delområdet til **svært stor**. Verdien settast nedst på skalaen på bakgrunn av det ovannemnte med plassering utanfor anslått trekkområde og på grensa for ytre leveområde.

Delområde 2 *Grønbogen*:

Delområdet ligg innanfor forvaltingsområde for rovdycet jerv. Forvaltingsområdet utgjer eit større område. Det er også gjort dyresporobservasjonar av andre alminnelege artar, slik som hjort. På bakgrunn av det ovannemnte er verdien til delområdet sett til **noko** verdi.

Delområde 3 *Fugleliv*:

Det er moglege lokalitetar av hubro og kongeørn i nærleiken av planområdet. Hubro er raudlista som art, der den er vurdert som sterkt trua EN (Artsdatabanken). På bakgrunn av at hubroen er kategorisert som sterkt trua, er verdien til delområdet sett til **svært stor** verdi.

Tabell 2: Verdisetting av delområda for tema naturmangfald.

Delområde	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
1 <i>Snøhetta-området</i>					▲

2 Grønbogen		▲			
3 Fugleliv					▲

7.4.3 Innverknad

Grad av påverknad for dei ulike delområda knytt til tema naturmangfald er samanstilt i tabell 3.

Delområde 1 Snøhetta-området:

Delen av planområdet som er omfatta av leveområde for villrein er regulert til LNF-område. Det skal følgeleg ikkje takast ut massar eller byggast ut innanfor dette området. Gjeldande plan har også regulert dette området til LNF. Området vil bli påverka i form av støy frå og menneskeleg aktivitet i uttaket. Innverknaden på delområdet settast til **ubetydeleg** endring.

Delområde 2 Grønbogen:

Tiltaket medfører noko auka areal til utbygging/masseuttak samanlikna med gjeldande planar. Dette minskar ferdsle- og opphaldsarealet til dyr og artar noko, men er likevel vurdert til å ikkje vere av omfattande karakter da området i stor grad allereie er regulert til masseuttak, og planen medfører ei mindre utviding. Innverknaden av tiltaket er derfor sett til **noko forringa**, men på den nedre delen av skalaen.

Delområde 3 Fugleliv:

Gjeldande reguleringsplanar har gjort greie for moglege lokalitetar av hubro og kongeørn, og omsynet til lokalitetane er ivareteken gjennom regulering av tider for sprenging utanfor hekkeperioden. Det vert lagt til grunn at regulering av tider for sprenging vidareførast i føresegnene til planen. På bakgrunn av dette er innverknaden av tiltaket vurdert som **ubetydeleg endring**.

Tabell 3: Grad av påverknad på dei ulike delområda for tema naturmangfald.

Delområde	Forbetring	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
1 Snøhetta-området		▲			
2 Grønbogen			▲		
3 Fugleliv		▲			

7.4.4 Konsekvens

Det er vurdert at 0-alternativet gjev ubetydeleg skade for alle dei tre delområda. Tiltaket som denne planen legg til rette for er og vurdert å medføre **ubetydeleg skade (0)** for alle dei tre delområda (Tabell 4). Dette gjev den samla konsekvensgraden **ubetydeleg skade (0)** for tema naturmangfald.

Tabell 4: Samla konsekvens for tema naturmangfald.

Vurdering	Delområde	0-alt	Utbyggingsalt.
	1 Snøhetta-området	0	Ubetydeleg skade (0)
	2 Grønbogen	0	Ubetydeleg skade (0)

Konsekvensar	3 Fugleliv	0	Ubetydeleg skade (0)
	SAMLA KONSEKVENS		Ubetydeleg konsekvens for naturmangfaldet (0)
	Grunngjeving		Samla konsekvens er vurdert som ubetydeleg. Tiltaket er ei utviding av eksisterande tiltak, og er ikkje ei nyetablering i eit urørt område. Det leggst til grunn i grunngjevinga at avbøtande tiltak i gjeldande reguleringsplan frå 2013 vidareførast.

7.4.5 Oppfølging i plan

Følgande skal sikrast i reguleringsplanen:

- Leveområde for villrein innanfor planområdet skal regulerast til LNF og sikrast i plankart og føresegner til planen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan.
- Tider for sprenging utanom hekkeperioden til hubro og kongeørn skal vidareførast og sikrast i føresegnene til planen.

7.4.6 Usikkerheit

Vurderingane for naturmangfald er basert på offentleg tilgjengeleg kunnskap og synfaring av planområdet. Det er ikkje utført feltundersøkingar eller vurdering av fagkyndig i samband med planarbeidet. Tiltaka i planen er vurdert opp mot §§ 8-12 i naturmangfaldlova (tabell 5):

Tabell 5: Vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12.

Vurdering etter naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12	
§ 8 Kunnskapsgrunnlaget	
Kva naturmangfald påverkast av planen?	Av naturverdiar som kan påverkast i planen, er fylgjande kjent: det er opplyst om tiurleik aust for området, og at området ligg innanfor sone for heilårsbeite for villrein. Det er gjort 4 registreringar av granmeis og 1 registrering av gauk tilgrensande planområdet. Planområdet ligg ifylgje Naturbase innanfor naturforvaltingsområde for jerv. Det er i plan frå 2014 gjort greie for moglege hubro og kongeørn lokalitetar. Vest for planområdet ligg Jora landskapsvernområde samt to viktige naturtypar tilknytt eit gammalt barskogfelt og elvejuvlandskapet Jore-Grøna.
Kva tilstand har naturmangfaldet?	NINA har kartlagt status og leveområde for villreinen i Snøhetta- og Knutshømrådet, der det er vurdert at Grønbogen ligg eit stykke utanfor anslått trekkområde og på grensa for ytre biologiske leveområde. Det er i den digitale

	databasen Dyretråkk ikkje registrert individ i eller tilgrensande planområdet dei siste 3 åra. Tilstand for naturmangfald for øvrig er ikkje kjent.
<i>Kva effektar har planen for naturmangfaldet?</i>	Planen vil i liten grad endre dagens situasjon, da sprenging og uttak vil vere det same. Det er ikkje kjent kva påverknad støy vil ha på omkringliggende dyreliv. Reguleringsføresegnene sikrar at sprenging skal føregå frå august til februar, utanfor hekkeperiode og periode for m.a. tiurleik.
§ 9 Føre-var-prinsippet	
<i>Føreligg det tilstrekkeleg kunnskap?</i>	Det er vurdert å føreligge tilstrekkeleg kunnskap i offentleg tilgjengelege databasar.
§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning	
<i>Vurdering av andre forhold som påverkar naturmangfaldet</i>	Større aktivitet i planområdet kan potensielt påverke omkringliggende dyreliv, men fordi arealet allereie er utbygd og aktivitet pågår i dag, er det vurdert at tiltaka i planen ikkje vil føre til vesentleg endring for omkringliggende fugle- og dyreliv.
§ 11-12 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar/miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar	
Takast til orientering.	

7.5 Kulturminne og kulturmiljø

7.5.1 Vurdering av potensiale for kulturminne og kulturmiljø

Det er ifylgje karttenesta Kulturminnesøk ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor eller i umiddelbar nærleik til planområdet.

I samband med varsel om oppstart har Innlandet fylkeskommune i brev datert 31.03.2023 vurdert at planområdet har avgrensa potensiale for førekomst av automatisk freda kulturminne. Det er tidlegare gjennomført registreringar for kulturminne på deler av planområdet utan at det vart gjort funn. Området har også vore gjennomgått med data frå flyboren laser utan at det vart oppdaga anomaliar som kan tyde på automatisk freda kulturminne. På bakgrunn av dette har fylkeskommunen vurdert at det ikkje er naudsynt å foreta ein arkeologisk registrering i samband med planarbeidet.

Den samla konsekvensen for kulturminne og kulturmiljø er såleis sett til **ubetydeleg konsekvens**.


7.6 Friluftsliv

7.6.1 Utgreiingsområdet


Ein legg til grunn at influensområdet i stor grad samsvarar med plangrensa.

Utgreiingsområdet vil sjåast på under eit, og i ein større samanheng med nærliggande område. Ifylgje Strava heatmap (Figur 30 og Figur 31), der brukarane kan spore dagleg trening

og mosjon, er det knytt noko bruk til ein sti som går nordaust for planområdet, samt noko meir bruk på ein grusveg vest for planområdet (Figur 32). Sør i planområdet går det ein veg som har noko ferdsle. Bruken er registrert som fotturar. Det er elles ikkje registrert friluftslivsverdiar i eller tilgrensande planområdet.



Figur 30: Utklipp frå Strava heatmap. Planområdets lokalisering merka med raud strek.



Figur 31: Utklipp frå Strava heatmap. Registreringane i nærleiken av planområdet er markert med oransje strek. Planområdets plassering er omtrentleg merka med raud strek.



Figur 32: Flyfotoet syner planområdet med raud strek og nærliggande Strava-registreringar med stipla blå strek.

7.6.2 Verdivurdering

Det er ikkje registrert viktige friluftsområde innanfor utgreiingsområdet, men det er gjort nokre registreringar via karttenesta Strava. Registreringane viser at anleggsvegen til masseuttaket og ein veg vidare gjennom planområdet vestover er noko brukt til fotturar sommarstid. Det er også registrert ei kryssing av jernbanen. Registreringa gjennom planområdet koplar seg opp på stiar aust og vest for planområdet som går opp mot Grønsæterhøe. Rett ovanfor utgreiingsområdet er det også ein rute som kan fungere som eit alternativ til ruta gjennom planområdet. Samla sett har utgreiingsområdet avgrensa verdi for friluftslivet. Registreringane som føreligg tyder på at brukarfrekvensen er relativt låg, og området er heller ikkje tilrettelagd for friluftaktivitet. Utanfor utgreiingsområdet har ein alternativ til ruter som leder til større friluftareal i fjellet. Verdien for friluftslivet er sett til noko verdi (Tabell 6) da ruta innanfor planområdet er noko brukt til fotturar sommarstid, men verdien her er avgrensa til lokale interesser.

Tabell 6: Verdisetting av temaet friluftsliv.

Verdi	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
		▲			
Samla verdi: Noko verdi					

7.6.3 Innverknad

Tiltaka i planen er vurdert å ikkje påverke friluftslivet i området (tabell 7). Eksisterande rute gjennom planområdet vil framleis vere mogleg å ta i bruk, og dersom dette skulle endre seg finns det ei alternativ rute ovanfor planområdet som kan nyttast.

Tabell 7: Grad av påverknad for tema friluftsliv.

Påverknad	Forbetring	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
		▲			
Samla påverknad: Ubetydeleg endring					


7.6.4 Konsekvens

Det føreligg ikkje registreringar av viktige friluftsområder innafor utgreiingsområdet. Det er ein registrering av turrute innanfor planområdet, men det er eksisterande alternativ til denne ruta ovanfor planområdet. Turruter utanfor utgreiingsområdet er heller ikkje i direkte eller indirekte kontakt med tiltaket. Tiltaket vil såleis ikkje hindre bruken av eksisterande turstiar og turområde. På bakgrunn av det ovannemnte er den samla konsekvensen for friluftslivet sett til **ubetydeleg konsekvens**.


7.7 Landskap

7.7.1 Utgreiingsområdet

Utgreiingsområdet består av planområdet og influensområdet (Figur 33 og Figur 34). Influensområdet er avgrensa til der tiltaket kan opplevast frå med omsyn til nærverknad. I tillegg er det eit visuelt influensområde som omfattar område der tiltaket kan opplevast frå lenger avstand; fjernverknaden til tiltaket.




Figur 33: Planområdet, influensområdet og visuelt influensområde synt i 3D med stor flyhøgde. Henta frå Kommune kart 3D.




Figur 34: Flyfoto med planområdet synt med raud stipla strek og influensområdet merka med blå stipla strek.

Utgreiingsområdet ligg innanfor landskapsregion 11 Øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud, underregion Dovre og Lesja (Figur 35). Landskapsregion 11 kjenneteiknast av markante dalføre, vidder, hei og åsar.



Figur 35: NIBIOs landskapsregionsystem. Raud sirkel syner lokaliseringa til planområdet innanfor landskapsregion 11.



Figur 36: Delområde innanfor utgreiingsområdet.

Delområde for temaet landskap (Figur 36 og Tabell 8):

Tabell 8: Delområde for temaet landskap.

Delområde	Skildring av delområde
1 <i>Grønbogen massetak</i>	Delområdet omfattar område regulert til massetak og masselagring i gjeldande planar. Området er fullstendig preget av terrenginngrep og menneskeleg inngrep i form av konstruksjonar.
2 <i>Grønbogen omland</i>	Delområdet omfattar omkringliggende område til massetaket. Området har noko menneskeleg inngripen i form av infrastruktur og tilrettelegging for friluftsliv. Dette består av stiar, køyrevegar og jernbane, men sett bort frå dette er området eit naturområde med lite inngrep.

7.7.2 Verdivurdering

Verdisetting av delområda for temaet landskap er samanstillt i tabell 9.

Delområde 1 *Grønbogen massetak*:

Delområdet er fullstendig preget av menneskelege inngrep og store terrengendingar som følgje av masseuttak (Figur 37). Området står fram som eit sår i landskapet, i sterk kontrast til nærliggande naturlandskap. På bakgrunn av det ovannemnte er verdien til delområdet sett til **utan betydning**.



Figur 37: Foto frå fjelltaket, sett mot nordaust. Foto: Nordplan.

Delområde 2 *Grønbogen*:

Delområdet er eit naturområde med relativt få inngrep. Det er likevel noko menneskeleg inngripen, da hovudsakleg stiar, køyrevegar og jernbanespor. Basert på at området består av eit relativt samanhengande naturområde i lokal skala, med menneskelege inngrep som ikkje er dominerande for heilheita, er verdien til delområdet sett til **middels** verdi.

Tabell 9: Verdisetting av delområda for tema landskap.

Delområde	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
1 Grønbogen massetak	▲				
2 Grønbogen omland			▲		

7.7.3 Påverknad


Ei samanstilling av påverknad for dei ulike delområda innanfor tema landskap er samanstilt i tabell 10.

Delområde 1 Grønbogen massetak:

Planforslaget inneber ikkje endringar for eksisterande massetak, og det er såleis vurdert at det er ein **ubetydeleg** endring for delområdet.

Delområde 2 Grønbogen:

Planforslaget legg opp til utviding av areal til masselagring (Figur 38). Dette arealet er allereie teken i bruk i dag.



Figur 38: Utviding av massetaket markert med svart strek og skravering i gult.

Planforslaget legg opp til å auke areal regulert til massetak med om lag 8 daa frå gjeldande reguleringsplan. Dette er gjort for at arealet skal samsvare med eksisterande bruk, men det er ikkje planlagt å auke uttaket frå gjeldande driftsplan. Langs dei to jernbanelinene, uttaksområdet og vest i planområdet er det lagt opp til vegetasjonsskjerm for å skjerme omgjevnadene for innsyn. Utvidinga av masselagringsområde med tilhøyrande eksisterande bygningar og konstruksjonar medfører likevel betydeleg auke i areal frå gjeldande planar. Massetaket i si heilheit vil såleis vere meir synleg for omgjevnadene, spesielt nære omgjevnader. Basert på dette er innverknaden av tiltaka sett til **noko forringa**.

Tabell 10: Grad av påverknad for dei ulike delområda for temaet landskap.

Delområde	Forbetring	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
1 Grønbogen massetak		▲			
2 Grønbogen omland			▲		

7.7.4 Konsekvens

Det er vurdert at 0-alternativet gjev **ubetydeleg skade (0)** for dei to delområda. Tiltaket som denne planen legg til rette for er og vurdert å medføre **ubetydeleg skade (0)** for delområde 1 og **noko konsekvens (-)** for delområde 2. Dette gjev den samla konsekvensgraden **noko negativ konsekvens (-)** for tema landskap (Tabell 11).

Tabell 11: Samla konsekvens for tema landskap.

Vurdering	Delområde	0-alt	Utbyggingsalt.
Konsekvensar	1 Grønbogen massetak	0	Ubetydeleg skade (0)
	2 Grønbogen omland	0	Noko konsekvens (-)
	SAMLA KONSEKVENNS		Noko negativ konsekvens for landskap (-)
	Grunngjeving		Samla konsekvens er vurdert som noko negativ. Vurderinga er basert på tiltakets innverknad på delområde 2, noko som aukar massetakets synlegheit for omgjevnadene. Planforslaget legg likevel opp til å skjerme tiltaket med vegetasjonsskjerm, samt tilbakeføring til LNFR-formål når drifta i massetaket avsluttast.

7.7.5 Oppfølging i plan

Følgande skal sikrast i reguleringsplanen:

- Areal for vegetasjonsskjerm i plankart og føresegn for å skjerme omgjevnadene for tiltaket.
- Føresegn om tilbakeføring til LNFR-formål etter ferdig drift i massetaket.

7.8 Forureining

Forureina grunn

Det er ikkje kjend ureina grunn innanfor planområdet eller nærliggande område, og kart frå *Grunnforurensning* (Miljødirektoratet) viser heller ingen registreringar av ureina grunn.

Støy

Det er ingen umiddelbare naboar til planområdet, men som skildra i delkapittel 7.5 naturmangfald og økosystemtenester er det moglege lokalitetar av hubro og kongeørn i nærleiken. Gjeldande plan nemner i planomtalen at omsynet til fuglelivet er ivareteken gjennom regulering av sprengingstider utanfor hekkeperioden. Det vert lagt til grunn at regulering av tider for sprenging vidareførast i føresegnene til planen.

Det er vidare sett krav i føresegnene at støynivå frå drifta skal tilfredsstillere grenseverdiane i den til ein kvar tid gjeldande støyretningslinje T-1442/2021.

Driftsplanen skal avklare og gjere greie for støy.

Støv

Som nemnt over er det ingen umiddelbare naboar til planområdet, men innanfor planområdet går det jernbanespor, og vest og sør for planområdet går det elvenett. Forureiningsforskrifta at massetak skal gjennomføre tiltak for å redusere støvutslepp til omgjevnadene.

Det er sett krav i føresegnene at den til ein kvar tid gjeldande retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1502, skal følgast. Dette inneber at krav til luftkvalitet er tilfredsstilt til ein kvar tid. Dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade eller ulempe for jernbanen eller vassførekomstane, skal det iverksettast tiltak umiddelbart. For vassførekomsten gjeld dette etablering av sedimentasjonsbasseng (vidare omtala i kap. 7.9). Driftsplanen skal avklare og gjere greie for aktuelle tiltak for å hindre støvflukt.


7.8.1 Vurdering av forureining

Tiltaka i føresegnene og oppfølging i driftsplan vil sørge for at omsynet til ureining vert ivareteken.

7.9 Vassmiljø

7.9.1 Utgreiingsområdet

Planområdet er innanfor verneplan for vassdrag; 002/14 Jora (Figur 38). Elva Jora er eit nordleg sidevassdrag til Gudbrandsdalslågen sør for planområdet, og drenerer til Lågen.



Figur 39: Blå farge syner område omfatta av Verneplan for vassdrag 002/14 Jora. Planområdet merka med raud stipla line.



Figur 40: Kart med oversikt over genererte dreneringslinjer i og tilgrensande planområdet. Henta frå InnlandsGIS.

Kartet i Figur 40 syner dreneringslinjene gjennom området og massetaket. Dreneringslinjene går vidare ned mot elva Jora. I Vann-nett er denne vassførekomsten registrert som Jora, nedre del, med vassførekomstID 002-1933-R.

Dette kapittelet tek for seg vurderingar etter vassforskrifta. Jf. vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn beskyttast mot forringelse, forbetrast og gjenopprettast med sikte på å oppnå god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekomsten. Med andre ord er det eit generelt forbod mot tiltak som fører til at tilstanden til vassførekomst blir dårlegare. Dersom det blir vurdert at vassførekomsten kan bli forringa av tiltaket eller fører til at miljømåla ikkje vert nådd må saka vurderast etter § 12 i vassforskrifta. § 12 opnar for (med gjevne føresetnader) at ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan gjennomførast sjølv om dette medfører at miljømåla i §§ 4-7 ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa.

7.9.2 Verdivurdering

I Vann-nett er vassførekomsten registrert med god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Det er registrert at vassførekomsten ikkje har nokon påverknader og det forventast at miljømålet om god økologisk og kjemisk tilstand vert nådd.

Ifølge veilederen M-1941 skal alle vannforekomster med god og svært god økologisk tilstand og/ eller god kjemisk tilstand settast til «**svært stor verdi**» (Tabell 12).

Tabell 12. Verdisetting av vassførekomsten Jora, nedre del for tema vassmiljø.

Verdi	Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
1 Jora, nedre del					▲

7.9.3 Vurdering av påverknad og avbøtande tiltak

Planforslaget medfører sprenging av berg og stein, noko som kan medføre avrenning av sediment til vatn og elva Jora (vassførekomst Jora, nedre del). Utslepp av sediment til Jora kan medføre både nedslamming av resipient samt vere skadeleg for fisk som lev her.

Det er sett krav i føresegane punkt 2.1.3 om at avrenning frå fjelltaket og masselagringsområdet skal leiast til og samlast opp i sedimentasjonsbasseng, før vatnet leiast vidare ut til resipient eller infiltrerast i grunn. Tiltak mot avrenning frå fjelltaket/ masselagringsområdet til vassdrag skal gjerast greie for og sikrast i driftsplan.

Tiltaket ligg i noko avstand til den aktuelle vassførekomsten, og vil ikkje påverke denne direkte. Med nemnte avbøtande tiltak vil ein redusere mogleg påverknad frå massetaket betydeleg. Det er vurdert at påverknaden på vassførekomsten vil vere av så lite omfang att det ikkje vil forringe vassførekomsten men medføre ei **ubetydeleg endring** (Tabell 13).

Tabell 13. Grad av påverknad på vassførekomsten Jora, nedre del for tema vassmiljø.

Påverknad	Forbetring	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
1 Jora, nedre del		▲			

7.9.4 Konsekvens

Det er vurdert at planforslaget vil medføre ein **ubetydeleg konsekvens** for vassførekomsten og tema vassmiljø.

7.10 Samla konsekvens for alle klima- og miljøtema

Samanstillinga i Tabell 12 viser samla konsekvens av planforslaget for dei ulike temaa. Forureining er ikkje teke med her, da konsekvens for dette temaet ikkje er vurdert her men noko driftsplanen skal greie ut. Sett bort frå landskap har dei andre temaa ubetydeleg konsekvens, og den samla konsekvensen vurderast tilsvarende.

Samla konsekvensgrad er sett til **ubetydeleg**.

Tabell 14: Samanstilling av konsekvens for kvart utgreiingstema.

Alternativ		0-alternativ	Eit eller fleire alternativ
Vurderingar av konsekvens			Alternativ A
Klima- og miljøtema	Naturmangfald og økosystemtenester	0	Ubetydeleg
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ubetydeleg
	Friluftsliv	0	Ubetydeleg
	Landskap	0	Noko negativ
	Vassmiljø	0	Ubetydeleg

8 Verknader av planforslaget

8.1 Overordna og overlappende planar

I figur 40 og figur 41 er høvevis gjeldande kommuneplan og gjeldande reguleringsplanar synt i forhold til ny plan (gul og svart stipla line). Nytt planområde tilsvarar om lag 62 daa, der ny reguleringsplan legg opp til å auke areala for steinbrot/masseuttak og råstoffutvinning med totalt 49 daa. I aust utvidast areal for LNFR skogbruk med om lag 15 daa, for å sikre areal til midlertidige anleggsvegar. For å justere regulert veg til as built-situasjon, er det lagt til om lag 15 daa på sørsida av vegen.



Figur 41: Gjeldande kommuneplan for Dovre kommune synt i forhold til ny reguleringsplan (gul og svart stipla line).



Figur 42: Gjeldande reguleringsplanar synt i forhold til ny reguleringsplan (gul og svart stipla line).

For fjelltaket og masselagringsplassen vil endringane i hovudsak omfatte ei regulering av dagens situasjon, da areala allereie er teke i bruk til formåla. Reguleringa bidreg til å stadfeste faktisk arealbruk, samstundes som det er gjort vurderingar i både ROS og KU, som vidare er fylgd opp i føresegner for å sikre ein forsvarleg bruk av areala.

8.2 Naturressursar

Aktuelle naturressursar innanfor planområdet er knytt til bergarten Trondhjemitt, som er opphavet til uttaket og drifta i planområdet. Planforslaget legg opp til ei vidare utnytting av ressursen.

8.3 Teknisk infrastruktur

8.3.1 Køyretilkomst, vegsystem

Reguleringsplanen regulerer eksisterande køyreveg for tilkomst til RU2, men med ei utviding sørover som fylgje av at as built-situasjonen er noko avvikande frå reguleringsplanen frå 2013. Endringa er ikkje vurdert å ha spesielle verknader.

Det er ikkje lagt opp til ei vesentleg auke i årleg uttaksmengd, og det er derfor vurdert at grunnlaget for auka trafikk på tilkomstvegane ikkje er til stades.

8.3.2 Overvasshandsaming

OV-planen konkluderar med at det må etablerast to sedimenteringsanlegg i planområdet, der det eine skal fange partiklar frå fjelltaket og det andre skal fange partiklar frå massedeponiet.

Det er registrert fire stikkrenner tilknytt tilkomstvegen; ei med dimensjon DN1000, ei med dimensjon DN 600 og to med dimensjon DN400. Det er usikkerheit knytt til belastning på stikkrennene, fordi nedbørfelta til dei ulike stikkrennene er store noko usikre. Stikkrenne DN1000 har for liten kapasitet i høve dimensjonerande avrenning, men er vurdert å ikkje vere eit kritisk punkt då det er sannsynleg at nedbørfeltet og vassføring vil vere mindre enn anslått. Ei eventuell oversvømming vil kunne forårsake noko skade for veggen, men det er ingen bygg som vil råkast av dette.

8.4 Massedeponi over Grønbogen vendetunnel

Grunna usikkerheit knytt til dagens situasjon der overdekkingsmassar frå uttaket er deponert over deler av vendetunnelen, har SGS as gjort ei fagleg analyse av berggrunnsgeologien med omsyn til tunnelsikkerheit (vedlegg 8). SGS gjennomførte synfaring i planområdet og deler av vendetunnelen i februar 2024, der hovudfokuset var å danne seg eit bilete av dei lokale geologiske forholda med omsyn til konsekvensen for massedeponiet over tunneltaket, i tillegg til å undersøke om aktiviteten i pukkverket på nokon måte har påverka lokal drenering av overflatevatn.

Synfaringa vart gjennomført ved inspeksjon av vendetunnelen (ca. 150 m) frå nordleg tunnelopning, samt i sjølve uttaket med omsyn til dei geologiske forholda. Det vart føretatt prøvegraving på tippet for å kunne berekne djupne til fjell og mektigheita i overdekkinga mot tunneltaket.

Undersøkingane synte at tunnelen der tippet ligg er om lag 6 m i diameter, med ei overdekking ved tunnelinngangen på meir enn 9,7 m.

Frå utsida av tunnelen er det observert at bergartane i fjelltaket består av benkar som alternerer mellom 0,5 og 1,5 m i mektigheit. Lagninga ligg relativt flatt med eit strøk mot nord og svakt fall mot vest/sørvest. Det vart observert nokre mindre forkastingar/knusingssonar med eit mellomrom på om lag 25-30 m. Alle observerte sonene var tette og tørre utan teikn til vassgjennomgang, medan det vart observert vatn i veggen i den innerst observerte forkastinga. Denne ligg om lag 50 m forbi området der tippet ligg, og var tetta og sikra.

Hovudintrykket er at tunnelen er tørr, og det vart ikkje observert teikn i tunneltaket til at massedeponiet har svekka tunneltaket i form av nye sprekkar. SGS as observerer at lagninga i bergarten ligg relativt horisontalt og at dei tynne sprekkane går vertikalt på tunnelen og slik ikkje utgjer noko fare for kollaps.

Det vart utført tre prøvegravingar for å finne mektigheita til overdekkinga i massedeponiet over tunneltaket. Prøvegravingane vart utført på nord- og sørsida av tippa, samt på oversida. Djup til berggrunn for graveprøve nr. 1 var målt til djup til 1,3 m, 2,6 m for nr. 2 og 3,1 m for nr. 3. Lausmassane består av eit tynt morenedekke med mykje steinblokkar av varierende storleik. I graveprøve nr. 3 vart det observert eit 0,5 m tjukt, dårleg sortert, medium til grovkorna sandlag på toppen. Massane er beskrive som generelt tørre og syner ingen teikn til vasstransport.

Den vertikale overdekkinga ved nordvestsida av tippa er berekna til 15,7 m, medan det på søraustsida ved prøvegraving nr. 1 er berekna 10,6 m overdekking. Tunnelen synk med om lag 18 %, noko som gjer at den reelle overdekkinga er berekna til 16,6 m. Berggrunnsoverflata midt på tippa ligg på kotehøgde 804,1 moh., som gjev ei overdekking i berg på 13,3 m, og ei overdekking av lausmassar, inkludert massedeponi, på om lag 7 m, der opprinnelege stadeigne massar utgjer ein tredjedel. Dei tilførte massane er betydeleg lettare enn morenemassane, og representerar ei vektauke på mindre enn 50 % i forhold til eksisterande stadeigne massar. Samla massar i tippa er da tilsvarande om lag 4,5 m med stadeigne massar som tilsvarar det som er observert i terrenget rundt uttaket.

SGS as konkluderar derfor med at det må leggst til grunn at dagens tipp, så lenge den ikkje aukast betrakteleg over tunneltraséen, på nokon måte representerar ei fare for tunnelen ved den aktiviteten som føregår i uttaket i dag. Gjennomgang av flybilete og LIDAR-data samt synfaring i området syner at dagens aktivitet ikkje har påverka og/eller endra dei naturlege dreneringsvegane i området. SGS as skriv at det ikkje er noko ved dagens drift og plassering av massedeponiet som utgjer fare for Grønbogen vendetunnel.

8.5 Interessemotsetnader

Aktuelle interessemotsetnader knytt til planen vil i hovudsak omhandle forholdet til jernbanen.

Planen vidarefører jernbaneformål og omsynssoner knytt til drifta av jernbanen, og set i føresegnene krav om både byggeforbodssoner og sikringsgjerde. Fordi det allereie er bygd innanfor soner med byggeforbod, er det i samband med reguleringsplanen sendt dispensasjonssøknad til baneigar for løyve til å vidareføre bygga. Det same gjeld for etablert massetipp på taket til jernbanetunnelen.

Nordplan AS

Telefon 57 88 55 00
Telefax 57 88 55 01

www.nordplan.no
post@nordplan.no

NO 925 768 480 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459